



Cafe TI-aren har også vorte ein populær møteplass for foreldre med babyar! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kulturkontoret i kommunen har sagt nei til søknaden frå Uskedalen Utvikling om stønad til innkjøp av møblar, men har løyvd 27.000 kroner til innkjøp av oppvaskmaskin, noko dei også søkte om. Saksbehandlar Anniken Kjeka viser til at kommunen tidlegare har løyvd 10.000 til møblar

Vidare skriv ho at dei ser på tiltaket som svært positivt og ønsker å stø opp om det arbeidet som vert gjort i samband med TI-aren.

Som ein del av den kommunale satsinga på frivillighet er det sett av pengar til tiltak der det er vert gjort eit stort frivillig arbeid til beste for lokalsamfunnet.

Arbeidet med å skapa møteplassar i bygdene er viktig. Særleg positivt er det at det her blir skapt aktivitetar både for unge og eldre, blir det understreka av Anniken Kjeka.

Det å ha ein oppvaskmaskin på ein slik møteplass er viktig og derfor blir det innvilga 27.000 til føremålet.

Av Ola Matti Mathisen